Prosodi: stakkato	stakkato	Manglar tonemkontrast Konsekvent hovudtrykk på første staving
Fonologi: avvikande vokalkvalitetar	feil bruk av stød, utelating av stød	- ikkje kontrast mellom aspirerte og uaspirerte klusilar - konsonantsamband med r + alveolar får ikkje alltid postalveolar uttale
Preposisjonsfraser: Forenklande preposisjonsbruk, overforbruk av <i>i</i> og <i>på</i>	?	Utelating av preposisjon Avvikande bruk av preposisjon
Nominalfraser: Avvikande genus og kongruensmarkering: - <i>du har dragit vår namn i skiten</i> - <i>då de skulle bli tråkig</i>	- <i>en job</i> - <i>den der blad</i>	<i>Kæm de e sin bilen?</i> - <i>den huset der</i> - <i>det store myra</i>
Verbfraser: Manglande inversjon: - <i>då han e ganska gammalmodig</i>	- <i>normalt man går på ungdomsskolen</i>	- <i>mæn hældivis ho va heilt steindau</i>

Fig.1 Oppstilling av nokre særdrag i multietnolektar og etnolektar. Døme på forenklande trekk.

4 Dei etnolektiske døma er henta frå ulike arbeid om etnolektar utan at det blir presisert nærare kvar det enkelte dømet er henta frå.

Kotsinas 1994	Quist 2000	Nordnorsk etnolekt
<i>län</i> av tyrkisk, 'hörrudu', t.d. <i>Har du parra län?</i> <i>kis</i> av tyrkisk 'flicka' <i>raklo</i> av romani 'pojke'	<i>lan</i> av tyrkisk 'mand', t.d. <i>hvad så lan</i> <i>kis</i> av tyrkisk 'pige' <i>wallah</i> av arabisk, 'jeg sværger'	?

Fig. 2 Døme på ekspanderande trekk

Kotsinas 1994	Quist 2000	Nordnorsk etnolekt
Kodeveksling observert	Kodeveksling observert	Kodeveksling ikkje observert

Fig. 3 Kodeveksling mellom etnolekt/multietnolekt og annan varietet av det same språket

4 Utforskinga av etnolektar i Nord-Noreg

Norske språkkontaktvarietetar eller etnolektar i Nord-Noreg har ikkje vore undersøkt nærmare før ein tok til med dette på 1980-talet. Sjølv har eg undersøkt språkbruk, og meir spesifikt bruk av stadnamn, i det som på den tida framleis var to- og trespråklege område, nemleg Skibotn i Storfjord kommune og Kvenangsbotten i Kvenangen kommune. Materialet blei samla inn frå 1984–1987 (Pedersen 1986, 1988, 1991, 1996b, 2000). I tillegg har eg undersøkt språk- og stadnamnbruk i eit område som tidlegare har vore samiskspråkleg, dvs. bygda Kaldfjorden i Tromsø kommune. Dei siste som var samiskkyndige, var fødte om lag 1870–80. Dette materialet blei samla inn i 1989 (Pedersen 1994, 1996a). I tillegg har eg på 1990-talet intervjuet fleirspråklege i Porsanger og Sør-Varanger kommunar utan at eg har hatt høve til å analysere dette materialet nærmare.

Hilde Sollid er den einaste som har skriva ei doktoravhandling om ein nordnorsk etnolekt (Sollid 2003), nemleg om syntaktiske forhold i nordreisadialekten der det i hovudsak dreier seg om språkkontakt mellom kvensk og norsk (arbeidet byggjer på Nilsen 1996). Jorid Hjulstad Junntila 1988 har skriva om språkkontakt mellom kvensk og

norsk på Skibotn.⁵ Tove Bull har arbeidd med språkkontakt mellom samisk og norsk i bygda Furufalten i Lyngen kommune (Bull, fleire publikasjonar, sjå litteraturlista). I tillegg må også Thomas Hoels (1984) arbeid om spansdalsmålet nemnast. Dette er eitt av dei tidlegaste arbeida om språkkontakt i norsk i ein samiskbasert etnolekt, men arbeidet er ikkje publisert.

Informantane som inngår i desse undersøkingane, er i ulike aldrar. Dei eldste er fleirspråklege (to- og trespråklege), og dei har lært norsk som andrespråk. Medlemmane av mellomgenerasjonen er oftast einspråklege eller meistrar samisk og/eller kvensk nokså dårleg, men mange har passiv dugleik i desse språka. Dei yngste (barn, ungdom) er einspråklege, men det er ikkje så mange som har undersøkt språkbruken deira. Unntak her er Hoel 1984, Junttila 1988, Bull, Junttila og Pedersen 1986 og Bull (fleire arbeid om språkbruken på Furufalten). Informantane er folk som er fødte i ein periode på nesten hundre år, om lag mellom 1895 og 1980-talet. Språkbruken til desse personane vil altså representere ulike steg i framvoksteren av ein ny norsk varietet. Sollid 2003 har argumentert for at utviklinga kan delast inn i ein prosess med ein dannelsingsfase og ein stabiliseringsfase, og at teoriar om kreolspråkdanning og andrespråksinnlæring er til nytte for å gjere greie for ulike forhold i denne prosessen.

Graden av språkdugleik i kvart av språka varierer på individuelt nivå, men dess seinare ein person er fødd, dess større sjanse er det for at dugleiken i det norske språket er betre, og tilsvarande er kunnskapane i samisk og/eller kvensk ringare, for til slutt å ende opp med einspråklegheit, (ofte med ein passiv dugleik i samisk og/eller kvensk). Det er også dokumentert nokre stader ein kjønnskilnad i fornorskingsprosessen som går ut på at kvinner har blitt fornorska ein til to generasjonaretidlegare enn menn.

5 Kodeveksling i nordnorske etnolektar?

Er så kodeveksling ein kommunikasjonsstrategi som ein finn i dei nordnorske etnolektane? Mitt inntrykk av den språklege kvardagen

5 Sollid og Junttila har dessutan fleire andre arbeid om temaet som ikkje er refererte her.

til to- eller trespråklege personar i Nord-Noreg, og likeså av den første generasjonen av einspråklege, er at kodeveksling mellom to varietetar av norsk ikkje er mogleg. Eit eventuelt atterhald må takast om det kan finnast personar som kan praktisere ein særskilt stil for religiøse tema. Eg har ved eit høve vore til stades under ei gudsteneste på eit læstadiansk stemne og hørt på den særeigne forma for språkbruk som predikanten og tolken nytta. Men denne religiøse språkbruken er ikkje ein kode som er felles for alle språkbrukarane. Dette er nok ein særmerkt kode for dei som forvaltar Guds ord. Eg veit ikkje om ein samtale om religiøse tema mellom religiøse personar vil ha ein spesiell stil. Anna-Riitta Lindgren⁶ opplyser (munnleg informasjon) at ho har overhørt samtalar på samisk om religiøse tema, og at det tydeleg skjedde eit skifte i intonasjonen til samtalepartnarane då temaet skifta frå verdsleg til religiøst innhald. Men dette er ikkje nærmare undersøkt.

Men utover dette kan eg ikkje sjå at det er mogleg for språkbrukarane å veksle mellom ulike varietetar av norsk, og eg kan heller ikkje sjå at nokon av dei andre som har undersøkt språkbruken i dei nordnorske språkkontaktområda, rapporterer om slik kodeveksling. I etnolekten finn ein, som før nemnt, ei rad av språkkontaktfenomen, men det er ikkje observert at språkbrukarane kan velje å utforme talen sin på bestemte måtar som er stilistisk motiverte. Om dei seier *den her nesse* eller *det her nesse, en del* eller *et del, ka dato e de i dag?* eller *ka datoen e de i dag?*, har ikkje slik språkbruk kunna blitt relatert til språkeksterne forhold. Bull, Junntila og Pedersen (1986:65) kommenterer variasjonen i språkbruken slik:

Om distribusjonen av desse allomorfa følgjer noko bestemt mønster, er uvisst. Det ser helst ut som om dei er vilkårlig og tilfeldig distribuerte, på grunn av den store interindividuelle og intraindividuelle variasjonen.

Vidare seier dei (op.cit.:70):

at det absolutt ikkje finst grunnlag for å seie noko om sosial eller stilistisk variasjon der ein finn mange variantformer. Formene blir

⁶ Professor i finsk språkvitenskap ved Universitetet i Tromsø.

brukte om kvarandre, av ein og same person, innanfor ein og same kontekst, i eit og same syntagme.

Kodeveksling vil ein berre kunne finne mellom norsk og samisk, norsk og kvensk, samisk og kvensk osv., altså mellom ulike språk. Kva kan vere grunnen til at dei norske språkbrukarane oppfører seg så annleis jamført med dei danske og svenske språkbrukarane? For å forstå denne skilnaden må vi sjå nærmare på dei språklege normene og tilhøva som ein finn i desse samfunna.

6 Korleis er/var den språklege røyndommen til dei norske språkbrukarane?

Overgangen til norsk har ikkje skjedd samstundes overalt, mange av dei som er fødde før 1920 i dei fleirspråklege områda i Nord-Troms seier at dei ikkje kunne norsk då dei tok til på skolen. Nesheim (1952:126) seier at "[d]et er særleg to måter samene har lært norsk på: ved direkte kontakt med norsktalende og gjennom skole og bøker. Som en tredje måte er nu radio kommet til". Skolegangen på tidleg 1900-tal var ikkje omfattande. Marius Grape, Skibotn, f. 1899 seier at det var skole berre tolv veker for året, iblant mindre⁷, så dermed var nok den språklege påverknaden som skolen stod for, meir avgrensa. Junttila (1988:124) stiller seg tvilande til at bokleg lærdom var den viktigaste kjelda for å utvikle eit norsk talemål i språkkontaktområda: "Det er lite sannsynleg at folk som fekk svært lite bokleg lærdom og som var så fattige at dei ikkje kunne ha mange bøker, skulle kunne lære seg eit framandt språk berre via skriftspråket". Talemålet som har utvikla seg, er heller ikkje ein skriftspråknær varietet, så ein må sjå på kva for norske påverknadskjelder som fanst i utviklinga av eit norsk talemål.

Så seint som på 1800-talet var den norske busetjinga i fjordane og dalområda av Nord-Troms svært sparsam, men det er dokumentert at det fanst ein liten tilflytta norsk folkesetnad som ein kan klassifisere i to evt. tre grupper: Eit norsk handelsborgarskap og embetsmenn og ein norsk allmuge. Det er mange vitnemål om at desse norske nytta

⁷ Lydbandintervju v/Storfjord kulturkontor, november 1978.

samisk og/eller kvensk i den daglege kommunikasjonen, men norsk hørtest også, jf. at presten Gotaas i 1811 laga ei lita ordsamling frå den norske "Mund-arten" i Lyngen (Kolsrud 1957). Ein viktig kanal for å få kjennskap til norsk språkbruk utafor området, må ein gå ut frå at sesongfiskeriet representerte. Mannfolka frå regionen har gjennom tida deltatt i lofotfisket og finnmarksfisket saman med menn frå resten av Nord-Noreg, og her har dei komme i kontakt med norsktalande som ikkje kunne samisk eller kvensk. Det er også mange vitnemål om at det var mannfolka som var mest kyndige i norsk, mens kvinnfolk og heimeverande ungar ofte ikkje kunne norsk. Dette mønstret endra seg nokså brått då kvinnene i familiene bestemte seg for å gå over til å snakke norsk til ungane sine trass i at dei sjølve ikkje meistra norsk godt. Dette blei eit allment mønster i mange familiar i tida etter 1900 (sjå t.d. Aikio og Lindgren 1982:124 f.).

Kva for type norsk er det vi har i denne første fasen? Eit viktig kjenneteikn er at det er ein språkbruk med mykje variasjon som ikkje er stilistisk ladda. Ein må gå ut frå at på dette stadiet er den språklege norma uklår, eller diffus for å uttrykke seg i tråd med Le Page.

7 Kva normoppfatningar finn ein blant språkbrukarane?

7.1 Oppfatningar om normer innafor regionen

I arbeidet mitt med å lage eit fonemoversyn over dialektane på Skibotn og i Kvenangsbotn (Pedersen 1988) var mitt inntrykk at informantane som eg spurde direkte ut om uttalen av ord, både tospråklege og einspråklege, hadde ei klar oppfatning av norma for uttalen av ord og likeså av det leksikalske tilfanget i dialekten/etnolekten. Oppfatningar om det morfologiske og det syntaktiske systemet inngjekk ikkje i undersøkinga. Dette inntrykket harmonerer med det t.d. Le Page (1980) rapporterer om frå Belize, som er eit franskbasert kreolspråksamfunn i Mellom-Amerika.

Bull (1991a:26) fortel om korleis folk i bygda Furufleten i Lyngen kommune oppfattar det norske språket som blir brukt. Folk er samde om at det finst berre ein norsk dialekt her, men at nokre i bygda snakkar "breiare" enn andre, og at det er ein skilnad i språkbruken mellom dei som bur på nordsida og sørsida av elva som deler bygda i

to. Tove Bull seier at ho ikkje har klart å få folk til å konkretisere kva desse skilnadene går ut på, informantane blir svarlause når ho spør dei, men ho trur at det kan vere nyanseskilnader i prosodi og kanskje i fonologi som dei legg vekt på. Vidare seier ho: "Derimot har eg aldri røynt at nokon nemner noko om at dei eldste i bygda snakkar annleis enn dei yngre. Det er påfallande, for frå mi side sett er det markante generasjonsskilnader i fonologi, morfologi og syntaks, men kanskje mindre i prosodi". Skilnadene mellom generasjonane går ut på at dei eldste har mykje større innslag av samiske substratfenomen i målet, for å nytte Bulls terminologi. Skilnadene mellom den eldste og den yngste generasjonen er markerte, men språkbrukarane vektlegg ikkje desse skilnadene, og

[f]or meg har det iallfall blitt eit stadig større paradoks at det i folks medvett kan oppstå oppfatningar om regulære dialektskilnader på eit grunnlag som ein utabygds lingvist knapt er i stand til å gje ans på, mens bygdefolket ikkje synes å vere lydhøre for store og målbare skilnader.

Bull trur at dette kan ha samband med at språkbrukarane ikkje reknar språkbruken til dei eldste som nokon eigen språkleg varietet. Språkbruken deira er rett og slett "feil" eller "galen" norsk, og slik bruker også dei eldste å omtale det norske språket som dei sjølve snakkar. Og kanskje legg språkbrukarane meir vekt på geografiske skilnader i språket enn andre skilnader mellom gruppene.

7.2 Oppfatningar om normer utafor regionen

Då eg samla inn materiale mitt, var eg ikkje primært interessert i å undersøke norm-oppfatningar om språkbruken, så opplysningane om dette er tilfeldige. Dei fleste intervju handlar om stadnamn og slike forhold som det er relevant å snakke om når ein dokumenterer denne typen materiale, men i arbeidet med fonemanalysen av talemålet i bygdene Skibotn og Kvenangsbotn, var altså hovudinntrykket at språkbrukarane var svært medvitne om kva for uttale som dei oppfatta som den gjengse lokale uttalen av ord, og dei var også merksame på at uttalen kunne variere. Under fonematiseringsarbeidet prøvde eg å finne ut om /ç/-lyden kunne

finnast i innlyd. Denne lyden har som kjent ikkje så mange moglege førekomstar i innlyd utafør dei vestlandske dialektane, men lyden finst i vanlege nordnorske former som *ikkje* og *mykje*. I Nord-Troms nytter ein forma *ikke* av nektingsadverbet, og blant eldre kunne kvantoren *mykje* ha forma *mykke*, men blant yngre *mye*. Men eg tenkte at eg nok ville få eitt belegg på lyden i ordet *bikkje* f. Sidan eg ikkje hadde observert ordet i nokon av dei mange timane med intervju som eg hadde, måtte eg spørje spesifikt om uttalen av dette ordet. Svaret eg fekk var "/næi, vi 'sæi 'ike de, de e 'son der 'fi:nt, vi sæi 'hu:hup/". Eit liknande synspunkt fekk eg på eit anna spørsmål om uttaleformer av ord: /'næi, de 'e: son der 'fi:nt, son der 'senja/. Talemålet på Senja blir i allfall utafør nordtromsregionen, oppfatta som ein såkalla skikkeleg saftig og brei dialekt, for å uttrykke seg i folkelege termar. – Men altså, her får vi utsegner som kanskje kan tolkast som om at utafør regionen, i den delen der ein finn talemål utan språkkontaktfenomen, der finn ein "fin" språkbruk.

8 Kva forklaringar skal vi søke etter?

Hilde Sollid argumenterer for at språkutviklinga i norsk etter språkskiftet, eller i språkskifteprosessen, må kunne gjerast greie for i lys av teoriar frå kreolspråkforskinga og andrespråksinnlæring. Språkbruken under og etter språkskiftet kan delast inn i ulike fasar, og i den første fasen eller dannelsingsfasen, er ikkje språkbrukarane i stand til å kontrollere språkproduksjonen fullt ut (Sollid 2003:57). Om dette er tilfelle, forklarar det korfor dei tospråklege ikkje er i stand til å legge nokon stilistisk variasjon inn i måten dei bruker språket på, i alle fall språkbruken på eit morfologisk og syntaktisk nivå. Bull, Junntila og Pedersen (1986) konfronterte tre informantar, ein eldre mann, ein middelaldrande mann og ei jente på om lag ti år med nokre autentiske døme på slikt som kan kallast avvikande genusmarkering, og det var stort sett berre den yngste som ville korrigere på språket i eksempla som blei vist ho. Dette kan kanskje takast til inntekt for at språkbrukarane i dannelsingsfasen er blinde for morfologisk og syntaktisk variasjon i språket, men truleg er dei meir medvitne om den fonologiske norma i språket. Sollid (2003) som undersøker om ulike syntaktiske konstruksjonar i norsk kan relaterast

til at språkbruken i området har gjennomgått eit språkskifte frå kvensk til norsk, finn at det er dei eldste informantane som helst aksepterer dei undersøkte konstruksjonane.

Men når vi så kjem til det Sollid kallar stabiliseringsfasen i språkbruken etter språkskiftet, blir det mindre variasjon, og normoppfatninga blir klårare. I denne fasen skulle ein kunne vente å finne stilistisk variasjon i den nye norske språkbruken som utgjør etnolekten og også kodeveksling til ein annan norsk varietet om det skulle vere ein ønskeleg strategi blant språkbrukarane. Kanskje finst slik språkbruk, men dette er det ikkje rapportert om i studiane som til no ligg føre.⁸ Korfor finn ein kodeveksling i dansk og svensk multietnolekt, men ikkje i nordnorske etnolektar? Svaret her må vel ligge i at språkbrukarane inngår i språksamfunn som på mange måtar er ulike. Dei danske og dei svenske ungdommane er grupperingar i storbyar, og den særeigne språkbruken fungerer som uttrykk som kan skape samhold innafor gruppa og avgrense dei frå andre utafor gruppa, altså ha ein identitetsskapande funksjon. Språkbrukarane i Nord-Noreg, t.d. Nord-Troms, er medlemmar av eit område som på ulike vis (geografisk, kulturelt, historisk, administrativt og språkleg) har status som ein region, og språkbruken deira signaliserer straks kva for geografisk bakgrunn dei har. Korfor vel dei så ikkje å endre meir på språkbruken sin, jamvel kodeveksle i retning av ein annan norsk varietet?

Tove Bull (Bull 1991 o.fl. arbeid) har argumentert for at det ho kallar samiske substratfenomen i norsk på Furuflaten, langt på veg er ute av språket til dei yngste av dei ho har intervjuet. Av slikt som heng att, er visse fonologiske og prosodiske drag, t.d. trykkfordeling og intonasjon (tonemkontrast manglar). Bull (1991:34) hevdar at det er vanskeleg å tenke seg at den sterke graden av resistens i fonologi og særlig prosodi er uttrykk for manglande evne til å tilpasse seg storsamfunnet og majoritetsspråket, og at det må vere andre grunnar til at akkommodasjonen til norsk har vore selektiv og gradvis. Med

8 Ei venninne av meg med ektemake frå Porsanger med fleirspråklege foreldre meiner at mannen hennes bruker språket annleis heime hos foreldra enn når han er i "typisk norske miljø", og det kan sjølvstøtt vere metodiske årsaker som ligg til grunn for at stilistisk variasjon i fleirspråklege miljø i Nord-Noreg ikkje er observert.

referanse til Apel og Muysken (1987:132) og deira funn, argumenterer Bull med at den spesielle prosodien er ein strategi for å skape ein eigen etnolekt, ei identitetshandling som fungerer som ein slags kompensasjon for språket som har gått tapt. Her trur eg vi treng meir forskning for å kunne forstå strategiane til språkbrukarane betre, t.d. undersøkingar om haldningar og identitetsoppfatning blant språkbrukarane.

Men tilbake til spørsmålet om korfor dei nordnorske etnolektbrukarane som representerer det ein kan kalle ein stabiliseringsfase i språkbruken ikkje nyttar strategien kodeveksling? Forklaringa kan kanskje vere å finne i det allmenne mønstret som gjeld for bruken av dialekt i Noreg. Mæhlum (1987) har argumentert for at det typisk norske variasjonsmønstret mellom dialekt- og standardformer⁹ er ein relativ variasjon eller overgang i bruken av former mellom dialekt og standard, ikkje det typiske bruksmønstret som vi kjenner frå mange andre samfunn med ei distinkt kodeveksling mellom enten lokal dialekt eller offisiell standard. I Danmark og Sverige utgjør riksspråka fokuserte normer som standardspråk, men ein tilsvarande standard har vi som kjent ikkje i Noreg, og slett ikkje i det norske språksamfunnet slik det var for dei eldste språkbrukarane som vi har intervjuet. Dei faste normene som gjeld for dansk og svensk riksspråk, kan kanskje også forklare at dei multietnolekttalande ungdommane, eller i alle fall dei som meistrar dansk og svensk best, ikkje ser ut til å gjennomgå ein språkdanningsprosess som kan omtalast som ein dannelsesfase med ein påfølgjande stabiliseringsfase.

9 Kva er situasjonen i dag?

Korleis oppfattar ein språkbrukar av i dag frå t.d. Nord-Troms normene i det norske språksamfunnet? Dette har eg ikkje undersøkt, og kan ikkje svare på det, og svaret vil sjølvsagt avhenge av fleire faktorar knytt til det enkelte individet og individet si rolle i samfunnet. Eg vil berre avslutte med å nemne språksituasjonen for

⁹ Som kjent har vi ikkje i Noreg nokon offisiell vedteken offentleg standard. I den grad ein standard rår, er det på eit mentalt plan i medvitet til folk om ei slik norm i språksamfunnet.

ein person frå Nord-Troms som er fødd på midten av 1960-talet, og er andre generasjon av språkbrukarar frå området som ikkje har fått lære samisk eller kvensk. Denne personen har skaffa seg ein akademisk yrkeskarriere, og har skrive ei doktoravhandling. På grunn av at han kjenner seg usikker på kva som er rett språkbruk etter norma for bokmål, har han bede meg om å lese korrektur på avhandlinga. I den 208 siders lange avhandlinga har eg identifisert 54 setningar og endå fleire konstruksjonar som viser språklege normavvik av det slaget som Kotsinas har omtala som forenklande trekk. Så melder spørsmålet seg – er det råd å kodeveksle når ein ikkje er sikker på kva som er gjeldande norm?

Litteratur

- Aikio, Marjut og Anna-Riitta Lindgren 1982: Den finske minoriteten i Nord-Noreg. Bull, Tove og Jetne, Kjellaug: *Nordnorsk. Språkav og språkforhold i Nord-Noreg*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bull, Tove 1990: The Influence of Multilingualism on a Northern Norwegian Dialect. Halliday, M.A.K., Gibbons, John - og Nicholas, Howard (eds.): *Learning, keeping, and using language*. Selected papers from the Eight World Congress of Applied Linguistics, Sydney, 16–21 August 1987. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Co, 51–61.
- Bull, Tove 1991a: Språklig identitet i ei nordnorsk fjordsamebygd. *Danske folkemål* 33. København: Institutt for dialektforskning, 23–35.
- Bull, Tove 1991b: The birth of a phonological rule: Postalveolarization in a language contact area in Northern Norway. *Papers from the Twelfth Scandinavian Conference of Linguistics, Reykjavík*, June 14-16, 1990. Reykjavík 1991, Linguistic Institute, University of Iceland, 26–37.
- Bull, Tove 1992: A contact feature in the phonology of a northern Norwegian dialect. Jahr, Ernst Håkon (ed.): *Language Contact*. Theoretical and Empirical Studies. Berlin and New York: Mouton de Gruyter, 17–36.
- Bull, Tove 1993: Språkskifte hos kvinner og menn i ei nordnorsk fjordsamebygd. Bjørhovde, Gerd, des Bouvrie, Synnøve og Steinfeld, Torill (red.): *Gå mot vinden*. Festskrift til Åse Hiort Lervik på 60-årsdagen 2. juli 1993. Oslo.

- Bull, Tove 1994: Språkskifte og språkbevaring blant norske kystsamar. Kotsinas, Ulla-Britt og Helgander, John (red.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkföreändring i Norden*. Stockholm: Meddelanden från Institutionen för nordiska språk vid Stockholms universitet. MINS 40, 129–139.
- Bull, Tove 1995: Language contact leading to language change: The case of Northern Norway, Fisiak, Jacek (ed.): *Linguistic Change under Contact Conditions*, Berlin, New York: Mouton de Gruyter, 15-34.
- Bull, Tove, Junntila, Jorid Hjulstad og Pedersen, Aud-Kirsti 1986: Nominalfrasen i skibotnålet. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/2, 60–71.
- Hoel, Thomas [1984]: Orientering om prosjektet "Språkforhold blant samer i Troms". Upublisert manuskript.
- Junntila, Jorid Hjulstad 1988: *Språkval og språkbruk på Skibotn. Kven blir forstått av kven?* Hovedoppgåve i nordisk språk. Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Nilsen, Hilde 1996: *Koffer døem sir det? Spørresetninger med finitt verbal på tredjeplass i nordreisadialekten*. Hovedoppgåve i nordisk språk, Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Kolsrud, Sigurd 1957: *Norske ordsamlingar 1810–1812 til videnskabernes selskabs danske ordbog*. Oslo.
- Kotsinas, Ulla-Britt 1985: Innvandrarsvenska och språkförändringar. Allén, Sture o.fl.: *Svenskans beskrivning* 15. Göteborg: Göteborgs universitet, 276–290.
- Kotsinas, Ulla-Britt 1988: Rinkebysvenska – en dialekt? Linell, Per, Adelswärd, Viveka, Nilsson, Torbjörn & Petterson, Per A. (utg.): *Svenskans beskrivning* 16, SIC 21a. Linköping: Universitetet i Linköping, 264–278.
- Kotsinas, Ulla-Britt 1994: *Ungdomsspråk*. Uppsala: Hallgren & Fallgren.
- Kulbrandstad, Lars Anders 2003: Etnolekter - hva er det? *Norsklæreren* 3, Bergen: LNU, 5–13.
- Le Page, Robert B. 1980: 'Projection, Focussing, Diffusion', or steps towards a sociolinguistic theory of language, illustrated from the Sociolinguistic Survey of Multilingual Communities. *York Papers in Linguistics* 9, 9–31.
- Mæhlum, Brit 1987: Kodeveksling i Hemnesberget – myte eller virkelighet? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1, 29–43.
- Nesheim, Asbjørn 1952: Samisk og norsk i Lyngen. *Sameliv. Samisk Selskaps Årbok 1951–1952. Sámi ællin. Sámi Særvi jakkigir'ji 1951–1952*. Oslo, 132–129.

- Nordenstam, Kerstin 2003: Något om kickers och deras språkbruk. Ekberg, Lena og Gisela Håkansson (red.): *Nordand 6, Sjätte konferensen om Nordens språk som andraspråk*. Lund: Lunds universitet, Institutionen för nordiska språk, 226–237.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1986: Ei skisse over arbeidet med å klassifisere det norske stadnamnmaterialet i Skibotn og indre Kvenangen. *Nordlyd* 12, Tromsø university working papers on language & linguistics, s. 154–177. Institutt for språk og litteratur. Universitetet i Tromsø.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1988: *Stadnamnlån*. Fonologi og ortografi i lydlig lånte stadnamn med eit oversyn over fonologien i norsk på Skibotn og i Kvenangsbøtn. Hovudfagsoppgåve i språk. Institutt for språk og litteratur. Universitetet i Tromsø. Kap. 2 og 5.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1994: "Restar av samisk i kaldfjordmålet", Holmen, Tone (red.): *Kvinneforskermaraton*, Tromsø: Universitetet i Tromsø, 115–128.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1996a: Kronologi i namneparmateriale i lys av samiske og norske stadnamn i Kaldfjorden på Kvaløya. *Den ellefte nordiske navneforskerkongressen. Sundvollen 19.–23. juni 1994. Normarapporter 60*. Uppsala: Norma-förlaget, 235–270.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1996b: Stadnamnlån, språkbruk og befolkningsmansetjing i Kvenangsbøtn og Skibotn. Schmidt, Tom (red.): *Norsk stadnamnarkiv 75 år, 1921 - 1996*. Avdeling for namnegransking. Årsmelding 1995. Oslo, 95–112.
- Pedersen, Aud-Kirsti 2000: "Norsk talemål i eit språkkontaktområde – målføreprøve frå Skibotn". *Talatrusten*. Skrifter frå Målførearkivet, 20–36.
- Quist, Pia 2000: Ny københavnsk 'multietnolekt'. Om sprogbrug blandt unge i sprogligt og kulturelt heterogene miljøer. *Danske talesprog* 1. København: Institut for Dansk Dialektforskning, 143–211.
- Quist, Pia 2005: *Stilistiske Praksisser i Storbyens Heterogene Skole. En etnografisk og sociolingvistisk undersøgelse af sproglig variation*. Ph.d.-afhandling. Nordisk Forskningsinstitut, Afd. for dialektforskning. Københavns Universitet.
- Sollid, Hilde 2003: *Dialektsyntaks i Nordreisa: Språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Avhandling til dr.art.-graden. Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø.
- Aasheim, Stine 1995: *"Kebab-norsk" Framandspråkleg påverknad på ungdomsspråket i Oslo*. Hovedoppgave i nordisk språk, Universitetet i Oslo.

Aasheim, Stine 1997: "Kebab-norsk" – fremmedspråklig påvirkning på ungdomsspråket i Oslo. Kotsinas og Ulla-Brit o.fl. (red.): *Ungdomsspråk i Norden. Föredrag från et forskarsymposium*. MINS 43. Stockholm: Inst. för nordiska språk, 235–242.

Andre kjelder

Lydbandintervju november 1978 med Marius Grape, Skibotn. Intervju og utskrift v/Storfjord kulturkontor, Storfjord kommune.

Dialektar – eit lurespørsmål?

Ein diskusjon om omgrepa dialekt og mállýska

Av Kari Gjerdevik

1 Innleiing


Det er svært ulike oppfatningar i ulike land om kva omgrepet 'dialekt' inneheld. Det kan avspegle ulike funksjonar eit slikt omgrep har, og ein bør ein difor sjå nærare på dialektomgrepet og kva det betyr både for språkforskarar og andre. Denne artikkelen gir eit lite innblikk i kva nordmenn og islendingar legg i omgrepa 'dialekt' og 'standardtalemål'¹.

Dialektsituasjonane i Noreg og på Island er svært ulike. Det var difor interessant for meg å sjå om informantane frå dei to landa òg gav forskjellige definisjonar på omgrepa dialekt/mállýska, eller om likskapane var større enn forskjellane. I Noreg er me vel samde om at me har mykje talemålsvariasjon, spesielt når me samanliknar med Island, og ordet 'dialekt' er mykje brukt i daglegtale og i språkvitskapen. På Island er det derimot ikkje semje om det finst dialektar eller ikkje.

¹ Artikkelen baserer seg på masteravhandlinga mi: *"Det er ikkje det at eg ikkje er stolt"*. Ein studie av kva oppfatningar nordmenn og islendingar har om dialekt/mállýska. Masteravhandling i nordisk. Bergen: Universitetet i Bergen. 2005. Takk til Helge Sandøy og Cathrine Bleikli for hjelp med gjennomlesing og tips.


1.1 Variasjonsoversikt

I Noreg deler me gjerne opp talemålet etter desse kriteria: *spor av jamvekt, apokope, reduksjon til -e i endestavingsvokalismen og delt eller udelt femininbøying* (Sandøy 1987 og 1996). Alle desse kriteria er morfologiske. Dette resulterer i ei grovinndeling som kan illustrerast slik:



Illustrasjon 1: Inndeling med delt/udelt femininum på alle områda. A: Jamvektsmål utan både apokope og delt femininum. B: Jamvektsmål utan apokope og med delt femininum. C: Jamvektsmål med apokope og utan delt femininum. D: Jamvektsmål med apokope og delt femininum. E: A-mål utan delt femininum. F: A-mål med delt femininum. G: E-mål utan delt femininum. H: E-mål med delt femininum. I: E/a-mål utan delt femininum. J: E/a-mål med delt femininum. K: Ikkje-jamvektsmål med apokope og utan delt femininum. L: Ikkje-jamvektsmål med apokope og delt femininum. (Sandøy 1987)

Desse områda kan igjen delast opp, heilt ned til bygdenivå. På Island er det helst fonologiske trekk som skil 'mállýskur'. Ein viss uttale dominerer gjerne i eit visst område, men det er ikkje alle i kvart område som brukar den aktuelle uttalen, og statistikk vert difor ofte nytta for å visa utbreiinga av uttaletrekka (Sandøy 1977).



Illustrasjon 2: Område der særskilte trekk er mest utbreidd (basert på Höskuldur Þráinsson og Kristján Árnason 2001).

1.2 Kva er dialekt?

Dialektdefinisjonar er kulturavhengige, og det at definisjonane er ulike i ulike land, botnar i kulturforskjellar. Det kan vera vanskeleg å skilja dialektomgrepet frå det meir allmenne varietetomgrepet. Omgrepet 'varietet' kan definerast som eit "heilt språkssystem som skil seg frå andre språkssystem" (Røyneland 2003:14) og som eit sett av samhörjande variantar (Sandøy 1996:99), og det kan difor nyttast om både 'dialekt' og 'språk'. Richard A. Hudson (1996:22) argumenterer for at ein varietet som opplagt, avgrensbar sanning, og dermed òg 'dialekt' og 'språk', ikkje finst. Desse omgrepa er derimot nyttige for talemålsforskinga fordi dei finst som einingar i fantasien vår. Folk identifiserer omgrepa og plasserer seg sjølve i forhold til dei, som Hudson sjølv seier. Men korleis definerer me så 'dialekt'?

Eric Papazian (1998:99) peikar på ein motsetnad mellom nordisk og engelsk definisjonstradisjon. Den tradisjonelle nordiske definisjonen er "trong" og ser på dialekt som ein geografisk avgrensa variant av eit nasjonalspråk. Den engelske definisjonen er "nyare" og "opnare" og inkluderer alle slags variantar av eit språk, som til dømes sosiale og

etniske i tillegg til geografiske. Tone Skramstad (1999) vil opna opp dialektdefinisjonen i Noreg òg:

Slik jeg ser det, blir det kanskje riktig også i Norge å ta i bruk en "ny" dialektdefinisjon. Jeg mener det ligger et normativt syn som kolliderer med deskriptiv vitenskap bak en inndeling av dialekt og talemål [Fotnote: *Talemål* er samtidig et samlebegrep for muntlig språk.] som to atskilte størrelser. Velger vi å beholde den tradisjonelle nordiske dialektdefinisjonen, mener jeg vi i stor grad opprettholder synet på *dialekt* som en statisk størrelse, slik at for eksempel *hadelandsdialekten* kun rommer et bestemt repertoar av for eksempel lingvistiske, fonologiske og morfologiske størrelser. (Skramstad 1999:37)

Vidare vel Skramstad å definera 'dialekt' på denne måten:

Når jeg definerer *dialekt* i denne avhandlingen, velger jeg å se på *dialekt* og *talemål* som likestilte, og bryter dermed med hva Venås (1991a) betegner som vanlig i nordisk forskningstradisjon. Jeg velger å bruke begrepene *dialekt*, *varietet* og *talemål* som synonymer. Med en slik alternativ og utvidet (Nesse 1999a) definisjonsbruk snakker alle mennesker dialekt. (Skramstad 1999:37).

Skramstad nemner òg danske og svenske forskarar og kva dei seier om det danske og svenske forholdet mellom dialekt og standardspråk: Kjeld Kristensen (1977) meiner at det i dansk finst ein skala med dialekt i eine enden og standard i den andre, med seks "mellomtrinn" der grensene er tilfeldige. Karl-Hampus Dahlstedt (etter Venås 1997) deler det svenske språket inn i fire lag: genuin dialekt/bygdespråk, utjamna dialekt, regionalt riksspråk og nøytralt riksspråk. Inndelinga opnar for omgrepet 'regionalspråk', som vart innført i dansk språkforskning av Inger Ejskjær (Skramstad 1999:42). Denne artikkelen kjem ikkje til å gå vidare på diskusjonen om det finst regionalspråk/-dialektar i Noreg.

Ein annan måte å dela inn dialektdefinisjonar på, er den som Unn Røyneland (2003) refererer:

Lingvistisk definisjon: Ein dialekt er ein geografisk, sosial eller etnisk varietet som i seg sjølv utgjer eit komplett språksystem. (Røyneland 2003:22).

Sosiologisk definisjon: Ein dialekt er ein varietet som kunne ha fungert som eit språk, men som ikkje er formelt standardisert. Ein dialekt er dermed avhengig av ein standard. I dei fleste moderne samfunn har dialekt etter denne definisjonen ein avgrensa funksjon som nærsspråk, dvs. språk til bruk innafor private domene eller i uformelle situasjonar. (Røyneland 2003:23).

Psykologisk definisjon: Ein dialekt er den talemålsvarieteten ein person lærer først, uavhengig av kva for samfunnsmessig status eller funksjon denne varieteten elles måtte ha. Ein talemålsvarietet som ligg nær opp til skriftspråket, til dømes bokmål/nynorsk, vil såleis også kunne kallast for ein dialekt hos dei som har vakse opp med han, men standard for dei som lærer han i vaksen alder. (Røyneland 2003:23).

På Island er det helst uttalen som skil talemålsvarietetar frå kvarandre, men Höskuldur Þráinsson og Krístján Árnason (2001) set fram ein vidare definisjon av 'mállýska'. Den inkluderer både geografiske og sosiale aspekt og presiserer i tillegg at språket på Island varierer på både lyd-, ord-, bøyings- og setningsnivå:

[...] málvenja sem er bundin ákveðnum landshluta eða ákveðnum hópi (stétt) fólks. Þessar málvenjur geta í raun varðað alla þætti málkunnáttunnar og málkerfisins, svo sem þessa:

- a. máhljóðin og framburð þeirra
- b. orðaforða og merkingu orðanna
- c. beygingu orða
- d. setningagerð

Mállýskumunur er til í öllum tungumálum. Sums staðar er hann einkum landshlutabundinn, annars staðar ekki síður tengdur ólíkum stéttum eða þjóðfélagshópum. Þegar talað er um íslenskar mállýskur er oftast átt við staðbundnar framburðarmállýskur, enda hafa þær verið rannsakaðar nokkuð ítarlega. Á Íslandi má þó finna mállýskumun sem varðar alla þá þætti sem

taldir eru í a–d hér á undan². (Höskuldur Þráinsson og Kristján Árnason 2001).

Standard

I Noreg finst det ikkje eit allment godkjent standardtalemål, men berre ei rettleiing, som ingen er plikta til å bruka (Norsk språkråd. Årsmelding 2001, vedlegg 4). På Island finst det inga vedteken talemålsnorm. Ei drøfting av standardomgrepet er likevel nødvendig fordi dialektomgrepet ofte viser til standard-omgrepet. Me såg til dømes at den sosiologiske og den psykologiske definisjonen eg viste til over, inkluderer standardomgrepet.

Nancy A. Niedzielski & Dennis Preston (2003:41) seier at folk ser på andre som brukarar eller ikkje-brukarar av ein idealisert standard. Sandøy (1996:11) meiner òg at folk (nordmenn) flest definerer 'dialekt' ut frå standard, at dei måler dialekt som avvik samanlikna med noko som vert oppfatta som "normalt" eller "standard". Sjølv meiner Sandøy (2003) at "standardtalemåla", eller "riksmålet", har lyd- og intonasjonsforskjellar som har "grunnlag i lokale språksamfunn" (Sandøy 2003:238f). Sidan desse talemåla "blir lært som morsmål, kan ein språkvitskapleg sett rekne desse varietetane som dialektar (eller geolektar)." (S.s.). Han meiner at historisk bakgrunn ikkje bør forstyrre den språkvitskaplege kategoriseringa, og at den må ta utgangspunkt i samtida. Sandøy skil òg mellom skildring av språk og skildring av ideologiske oppfatningar, og han meiner at bruken av termane 'standard' og 'bokmål' på ulike dialektar refererer til òi ideologisk oppfatning med språkpolitisk

² Omsetjing: språkvane som er bunden til ein bestemt landsdel eller ei bestemt gruppe (klasse) av folk. Desse språkvaneane kan faktisk gjelda alle delar av språkkunnskapen og språksystemet, slik som desse: a. språklydane og uttalen av dei, b. ordtilfang og tydinga av orda, c. ordbøying, d. setningskonstruksjon. Dialektskilnad finst i alle språk. Somme stader er han særleg landsdelsbunden, andre stader er han meir knytt til ulike klassar eller samfunnsgrupper. Når det er snakk om islandske dialektar, er det oftast meint stadbundne uttaledialektar, og dei har det òg vore forska utførleg på. På Island kan ein likevel finna dialektskilnad som gjeld alle punkta i a–d ovanfor.

innhald, som aksepterer synet på visse dialektar som overordna og overregionale trass i at dei har lokale særdrag.

Unn Røynealand (2003:25) meiner at det finst to talemålsstandardar i Noreg, ei talt form av bokmål og ei talt form av nynorsk, som er mykje brukte i media. Ho seier at bokmålsstandarden har hatt mest gjennomslag, og at det helst er talemålet i og rundt Oslo som vert assosiert med standardtalemål. Ho deler bokmålsstandarden opp i ein *konservativ* og ein *radikal* standard. Den konservative "ligg nær den tradisjonelle 'Oslo-vest-dialekten' og vert assosiert med høg sosial klasse og sosio-kulturell og økonomisk prestisje" (Røynealand 2003:25), og den radikale er "meir variert, folkeleg og gjerne austkantprega oslomål som gir assosiasjonar i retning av urbanitet og modernitet." (S.s).

Halldór Halldórsson (1971) poengterer at det ikkje er nødvendig med eit standardmål på Island, fordi alle forstår kvarandre. Han viser til to andre grunnar for standardisering på Island: forsøket på å stri mot endringar i det islandske språket, og strevet etter å gjera språket vakrare. Björn Guðfinnsson prøvde likevel å laga ei liste over standardiseringsforslag, og han oppmoda om bruk av "korrekt uttale", hv-uttale og hard uttale³, men det vart aldri laga ein offisiell standard. Det har derimot vore ein sterk tendens til utjamning eller standardisering (Krstján Árnason 2003:203), og visse språktrekk, som *flámæli*⁴, har vore sterkt stigmatiserte. Riksringkastinga på Island (Ríkisútvarpið) har sidan byrjinga stått for strenge, interne språkreglar (Heimir Pálsson 2003). Heimir Pálsson (2003) legg fram

³ *Hv-uttale* vil seia [x], [xv] eller [xʷ] i staden for [k^hv] i ord med skrivemåten *hv*, *hard uttale* betyr at ein bruker postaspirasjon, til dømes [t^h] i staden for [t] i <gata> (Ari Páll Kristinsson 1988:66–67).

⁴ *Flámæli* er ei lågning av mellomhøge vokalar slik at /i/ [i] og /u/ [y], vert uttalte likt med /e/ [e] og /ö/ [ö] (Krstján Árnason 2003:206).

tanken om at radioen har laga eit nytt språkleg register som ligg ein stad mellom forseggjort⁵ språkbruk og opplese skriftspråk.

Første delen av mastergradsprosjektet mitt sette seg føre å svara på korleis "lekpersonar" definerer 'dialekt', om dei var samde med dei vitenskaplege definisjonane på dialekt, og om dei meinte at standardtalemål finst i Noreg og på Island. Del to av denne artikkelen gjengir resultatata frå granskinga mi.

2 Resultata frå granskinga

I mastergradsprosjektet mitt intervjuja eg åtte norske og åtte islandske informantar. Dei hadde ikkje høgare utdanning innanfor språkfag, og det var nokså lik fordeling av menn og kvinner. Den første delen av intervjuja handla om dialektomgrepet, og eg har prøvd å dokumentera likskapane og skilnadene på korleis nordmenn og islendingar⁶ oppfattar omgrepet. I avhandlinga stilte eg meg ei rekke konkrete spørsmål, som eg svara på eitt og eitt. Desse spørsmåla og svara er gjengitt nedanfor.

Mildrid Olsen skreiv i 1993 ei hovudoppgåve der ho samanliknar dialektomgrepet i Hordaland i Noreg og i Bayern i Tyskland. Ho brukte òg 16 informantar som ikkje hadde språkfag i fagkrinsen. Alle desse var kvinner. Der ho har stilt eit spørsmål som liknar eitt eg sjølv stilte, vil eg referera til hennar resultat i lag med mine til samanlikning.

- Korleis ordlegg informantane seg om lytteprøvane dei får høyra?

⁵ Eit vanleg språkuttrykk på Island er *vandað mál* eller *að vanda sig*. Dette har eg omsett med *forseggjort språkbruk* og *å gjera seg føre med språket*, som vil seia at ein bevisst prøver å bruka eit "godt" og "tydeleg" språk.

⁶ Sidan granskinga mi hadde eit kvalitativt preg, med berre åtte informantar frå kvart land, kan eg ikkje generalisera resultatata til å gjelda for "alle". Når eg refererer til "nordmennene" og "islendingane", er det dei norske og islandske informantane i granskinga eg viser til.

Dei norske informantane fekk høyra lydopptak av fire ulike personar frå ulike delar av landet, og dei islandske informantane fekk høyra to lydopptak. Deretter vart dei bedne om å forklara om dei høyrde forskjellar på personane, og forklara kva slag forskjellar det var. Alle høyrde forskjell på lytteprøvane, men det var nordmennene som brukte ordet *dialekt* til å forklara kva dei høyrde. Dei peika derimot ikkje på kvifor dette er dialekt, eller kva det er som gjer dette til dialekt. Dei viste heller ikkje særleg til andre trekk ved språkbruken/språkføringa. Islendingane trekte derimot ikkje fram ordet *mállýska*, men såg på særskilte fonologiske språktrekk, lokalisering av personane og språkbruk/språkføring.

Det ser såleis ut til at det er skilnad på korleis nordmennene og islendingane er medvitne om variasjon i språket. Islendingane viser større medvit om fonologiske variablar, som ikkje viser til bestemte geografiske område, medan nordmennene har eit meir geografisk medvit om dialektforskjellar utan å gå inn på konkrete detaljar.

- Klarer dei å plassera lytteprøvane geografisk, og kor nøyaktig gjer dei det i så fall?

Både nordmennene og islendingane plasserte lytteprøvane etter landsdel, men ikkje så mykje meir nøyaktig enn det. Nokre av informantane prøvde seg med meir presis plassering. For nordmennene var det enkelt å finna ut at L4⁷ var bergensar, truleg fordi storparten av dei var vestlendingar sjølve, dei studerte i Bergen, og fordi bergenstalemålet skil seg sterkt ut frå andre vestlandsdialektar (jf. 'Akselberg 2002). Derimot klarte dei ikkje å plassera L1 på Stord. Islendingane kjende att den karakteristiske nordlandske harde uttalen hos L6, og fleire beit seg òg merke i eit tilfelle av vestfjordsk monoftonguttale⁸ framom *-ng*, medan den sørlege blaute uttalen vart mindre kommentert. Dei plasserte altså lytteprøvane med utgangspunkt i L6, og grunnen til at L5 ikkje fekk så mange kommentarar, kan vera at den linne, reykjavikske uttalen

⁷ Dei seks lytteprøvane fekk namna L1 – L6 (Stord, Oslo, Mosjøen, Bergen, Reykjavik og Akureyri).

⁸ Elles i landet er det vanlegast med diftong føre *-ng*, som i til dømes [ˈlaungvɪr].

vert sett på som "vanleg" eller "ikkje-spesiell", og at informantane difor ikkje finn det naturleg å kommentera det språket på same måten som L6 sin uttale. Talemålet i nord vert skilt frå talemålet i sør. Igjen kom det fram at islendingane fokuserte meir på konkrete språkdrag enn det nordmennene gjorde. Gruppene var nokså like ved at dei først og fremst plasserte lytteprøvane i landsdelar, men nordmennene prøvde seg på litt meir presis lokalisering. Nordmennene er altså meir opptekne av geografi enn islendingane.

- Korleis beskriv informantane sitt eige talemål?

Her var det stor skilnad mellom dei to gruppene. Alle nordmennene meinte at dei snakka dialekt, og dei plasserte seg sjølve geografisk. Dei hadde litt problem med å seia kva språktrekk som karakteriserer dialekten deira. Islendingane var meir usikre på kva dei skulle kalla talemålet sitt, og ein del meinte at dei ikkje snakka mállyska. Dei kunne trekka fram særskilde språktrekk, men det var vanskelegare for dei å beskriva talemålet i Reykjavík-området, truleg fordi dei såg på det som minst spesielt.

Mildrid Olsen (1993) sine norske informantar meinte til samanlikning at dei nesten unntaksløst snakka dialekt, òg når samtalepartnaren ikkje gjorde det. Dei meinte at det ikkje forstyrta kommunikasjonen, noko dei tyske informantane meinte at det gjorde. Dei tyske brukte openbart mindre dialekt enn dei norske, og bruken var avhengig av situasjon og samtalepartner. I denne granskinga vart ikkje informantane bedne om å beskriva talemålet sitt.

- Meiner informantane at dialekt finst i Noreg/på Island?

Nordmennene lurte på om dette spørsmålet var alvorleg meint, og gav inntrykk av at eit positivt svar var opplagt. Til dømes svara informanten Håvard dette:

K: [...] meiner du at det finst dialektar i Norge?

H: At det finst dialektar i Norge?

K: Ja.

H: Ja...

- K: Det meiner du?
 H: [...] er det eit lurespørsmål?
 K: [latter] Nei, det er ikkje eit lurespørsmål.
 H: Nei, ok.

Alle var samde om at dialektar finst i Noreg, og fem av dei meinte at alle i Noreg snakkar dialekt. Dette var altså ikkje eit diskusjonstema for dei. For islendingane var dette derimot eit vanskeleg spørsmål. På indirekte spørsmål verka det som at dei godtok at mállyskur finst på Island, men på direkte spørsmål avviste likevel fem av dei det. Fleire av islendingane samanlikna med andre land, som Tyskland og Noreg, og meinte at sidan dei har dialektar, kan ikkje Island ha det, sidan det er færre talemålsskilnader på Island enn i Noreg og Tyskland.

- Korleis definerer informantane omgrepet 'dialekt'?

